

JUNI 2022



# PLAN FOR OPPFØLGING AV NYUTDANNA NYTILSETTE LÆRERAR I BARNEHAGE OG SKULE I VEST-TELEMARK

RETTELEIINGSTEAMET I VEST-TELEMARK



# INNLEIING

Ansvar for å vareta nyutdanna nytilsette lærarar i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring på ein god måte ligg lokalt hos arbeidsgjevar, jf. arbeidsmiljølova § 4-2, opplæringslova § 10-8 og friskulelova § 5-2 andre ledd bokstav i). Dei seks Vest-Telemark kommunane har gått saman om å lage denne planen for korleis dette skal følgast opp i barnehage og skule hos oss.

Nyutdanna lærarar er ein viktig ressurs for kommunen. Dei har med seg ny kunnskap og eigne erfaringar. I møte med barnehage og skule er det mykje nytt dei skal ta innover seg, stille spørsmål ved og ta stilling til i høve til eigne visjonar innanfor profesjonen.

For å heve kvaliteten i barnehage og skule er kvalifisert rettleiing nyttig. Rettleiing av nyutdanna kan bidra til å utvikle profesjonsfellesskapet i barnehage og skule og fremme trivsel og læring for barn og elevar.

Personale som har evne og vilje til å vere lyttande til kunnskap, dele erfaring, reflektere opp mot forskingsbasert kunnskap og øve saman, aukar «gjerekompetansen» sin. På den måten utviklar vi barnehage og skule ved å vere ein lærande organisasjon.

---

## RETTEIINGSORDNINGA I VEST-TELEMARK

Rettleiing av nyttilsette lærarar i Vest-Telemark starta opp hausten 2015. I starten var ordninga for nyutdanna barnehagelærarar i Seljord, Kviteseid, Fyresdal, Vinje, Tokke og Nissedal. Frå og med 2021-2022 vart lærarar i grunnskule og vidaregåande opplæring innlemma i ordninga.

---

## MÅLGRUPPE

Nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehage, grunnskule og vidaregåande skule i Vest-Telemark.

Det gjeld nyutdanna lærarar som er tilsette i Vest-Telemark i minimum 50 % stilling med ei kontrakt med varigheit på minst eit barnehage- /skule år, og som har mindre enn to års erfaring. Andre behov løysast i kvar kommune.

---

## MÅLSETTING

- sikre ein god overgang mellom utdanning og yrke
- fremme refleksjon og sjølvutvikling
- auke kvaliteten i barnehage og skule
- utvikle barnehage og skule som organisasjon
- utvikle rettleiarkompetanse i eigen organisasjon
- bidra til å rekruttere, utvikle og behalde dyktige lærarar



# PLAN FOR OPPFØLGING AV NYUTDANNA NYTILSETTE LÆRARAR I BARNEHAGE OG SKULE I VEST-TELEMARK

---

## OM OPPDRAGET

Alle barnehagar og skular i Vest-Telemark er med på rettleiingsordninga. Rettleiingsteamet jobbar etter retningslinjer og plikter utarbeida av Kunnskapsdepartementet. Under finn du nyttige lenker som fortel meir om prinsipp og plikter i denne ordninga, samt gjennomføring og evaluering av rettleiingsordninga nasjonalt.

Du finn utfyllande informasjon på nettsidene til Utdanningsdirektoratet:

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/veiledning-av-nyutdannede/>

Veiledning av nyutdannede – hvordan kan det gjennomføres?

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/veiledning-av-nyutdannede/hvordan-kan-det-gjennomfores/>

Veiledning av nyutdannede nytilsatte lærere i barnehage og skole, prinsipper og forpliktelser:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/0081e41fad994cfdbb4e0364a2eb8f65/veiledning-av-nyutdannede-nytilsatte-larere-i-barnehage-og-skole\\_oppdatert-2021\\_10.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/0081e41fad994cfdbb4e0364a2eb8f65/veiledning-av-nyutdannede-nytilsatte-larere-i-barnehage-og-skole_oppdatert-2021_10.pdf)

Veiledning for nyutdannede lærere.

Nettverkets nettside er en formidlingskanal for forskning, nettverksarbeid, relevant og aktuell litteratur og forsker nettverk, samt presentasjon av regionale tiltak

<https://nyutdannede.no/>

Lærerutdanning 2025. Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/d0c1da83bce94e2da21d5f631bbae817/kd\\_nasjonalt-strategi-for-larerutdanningene\\_nettpdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/d0c1da83bce94e2da21d5f631bbae817/kd_nasjonalt-strategi-for-larerutdanningene_nettpdf)

Evaluering av veiledning av nyutdannede nytilsatte lærere, 2021:

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/evaluering-av-veiledning-av-nyutdannede-nytilsatte-larere--sluttrapport/>

Veiledning av nyutdannede barnehagelærere og lærer:

En evaluering av veiledningsordningen og veilederutdanningen, 2016:

<https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/2016/evaluering-av-veiledningsordningen-sluttrapport.pdf>

Evaluering av veiledningsordningen for nyutdannede lærere og barnehagelærere, UDIR:

<https://www.utdanningsforbundet.no/var-politikk/publikasjoner/2017/evaluering-av-veiledningsordningen-for-nyutdannede-larere-og-barnehagelarere/>

Evaluering av tilskudd til veiledning av nyutdannede nytilsatte lærere, 2022:

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/evaluering-av-tilskudd-til-veiledning-av-nyutdannede-nytilsatte-larere/>

---

## FORANKRING AV RETTLEIINGSARBEIDET I VEST-TELEMARK

**Barnehage- og skuleeigar** har hovudansvaret for at nyutdanna nytilsette lærarar varetakast på ein god måte. Rettleiing og kompetanseutvikling er ein del av dette ansvaret. I Vest-Telemark gjeld tilbodet over 2 år.

### **Oppdragsgjevar for Rettleiingsteamet i Vest-Telemark er Forum for utdanning (FFU)**

som jobbar med barnehage og skulesaker i regionen. Barnehagens rammeplan og fagfornyninga i grunnskulen bygger på kvarandre og dannar ein raud tråd gjennom barns utdanningsløp før det vert avrunda med vidaregåande opplæring.

FFU er samansett av barnehage- og skuleeigarar frå kvar av dei seks Vest-Telemark kommunane. Ein representant frå utdanningsforbundet og statsforvaltar deltek også.

FFU utpeikar ein kontaktperson for Rettleiingsteamet.

### **Rettleiingsteamet i Vest-Telemark**

Rettleiingsteamet består av kvalifiserte rettleiarar i Vest-Telemark.

Alle som tek rettleiarutdanning vert invitert inn i teamet.

Rettleiingsteamet skal ha ei arbeidsgruppe.

Denne består av:

- koordinator/leiar
- ein representant frå barnehage
- ein representant frå skule

Oppgåver: Praktisk og faglig tilrettelegging for Rettleiingsteamet.

Arbeidsgruppa samarbeider med kontaktperson i FFU.

Arbeidsgruppa blir vald på evalueringsmøte kvar vår. Det er viktig å sikre både kontinuitet og fornying.

Rettleiing skal utførast av ein kvalifisert rettleiar. Rettleiarane skal ha grunnutdanning som lærar i barnehage/skule med tilleggsutdanning i rettleiing, minst 15 studiepoeng, og gjerne 30 sp. Rettleiarane er kvalifisert til å rettleie i både barnehage og skule.

Rettleiarane har ansvar for å leie den praktiske gjennomføringa for sine nyutdanna.

Rettleiarane deltek på 3 lokale samlingar årleg med USN, og på ein årleg konferanse i regi av rettleiarnettverket i Telemark (USN).

Rettleiarane tek ansvar for 1-2 vegsøkarar.

Rettleiarane får fri til rettleiing inkludert for- og etterarbeid inntil ein time pr. rettleiing.

Rettleiarane får dekt reiseutgifter.

Ut frå anbefalingar og erfaringar bør rettleiar koma frå ein annan kommune. Rettleiarane reiser ut på arbeidsplassen til dei nyutdanna for å rettleie. Dette for å minimere fråværet ute på einingane. Grupperettleiingane er unntaka.

Det er viktig med kvalitet i rettleiinga basert på dei nyutdanna sine behov. Rettleiinga skal stø opp om den nyutdanna sin personlege og profesjonelle utvikling som lærar i barnehage og skule. Ordninga skal vere planlagt, systematisk og strukturert. Sjå årshjul.

### **Universitetet i Sørøst-Norge, USN.**

Alle høgskular og universitet med lærarutdanning tilbyr arbeidsgjevarar støtte til utvikling av gode rettleiingsordningar for nyutdanna nyttilsette lærarar. Ein kontaktperson frå USN støttar og inspirerer rettleiingsteamet i Vest-Telemark og deltek aktivt på dei lokale samlingane med både rettleiarar og nyutdanna, 3 samlingar pr.år.

USN arrangerer samlingar for rettleiarnettverket i Telemark der ein får del i utviklinga som skjer på fagområdet. Det blir mellom anna sett av tid til å dele erfaringar med andre team/rettleiarar. Rettleiingsteamet i Vest-Telemark deltek.

Utanom det lokale nettverket i Vest-Telemark og rettleiarnettverket i Telemark er det eit regionsnettverk og eit nasjonalt nettverk. Dei arrangerer mellom anna webinar og fagdagar. Kvart anna år vert det arrangert ein nasjonal rettleiingskonferanse som rettleiarar kan delta på.

**Styrar/rektor** inngår i eit trepartsamarbeid med nyttilsett og rettleiar. Det er viktig at leiar engasjerer seg, gjev støtte og organiserer rom for rettleiinga. Rettleiinga skal gjennomførast i arbeidstida. Erfaring viser at det kan vere lurt å frigjere tid på faste dagar og tidspunkt som ein set inn i ein plan. Som leiar skriv ein under på rettleiingskontrakten og har eit ansvar for at kontrakten følgast opp. Kontrakten nyttast som dokumentasjon og arkiverast i kommunens arkivsystem.

Styrar/rektor har ansvar for påmelding av nyutdanna pr. e-post til koordinator for rettleiingsteamet når tilsetjingar er gjennomført. Opplysningar som skal vere med: fullt namn, barnehage/skule, kommune, telefonnummer og e-post adresse.

Rettleiing av nyutdanna skal starte opp innan utgangen av september. Styrar/rektor deltek på oppstarsinga i Vest-Telemark i september kvart år.

**Det er dei nyutdanna sitt ansvar** å være førebudd til rettleiing. Rettleiar og nyutdanna vert einige om det skal skrivast eit rettleiingsgrunnlag i forkant av rettleiingane. Rettleiing skal fortrinnsvis skje i fysiske møte. Rettleiar og nyutdanna kan vurdere digitale møte når det er hensiktsmessig.

Alle nyttilsette lærarar i Vest-Telemark pliktar å ta imot rettleiing i to år. Dette skal kome fram av utlysingsteksta i kommunane.

---

## ØKONOMI

Eige fond i FFU:

- Kompensasjon rettleiarar og koordinator kr. 160.000
- Køyregodtgjersle kr. 50.000
- Beverting/materiell kr. 5.000
- Totalt budsjett kr. 215.000

Fondet blir dekt av dei seks Vest-Telemark kommunane med kr. 36.000 årleg. Fondet blir drifta og administrert av Seljord kommune. Seljord kommune sender refusjonskrav til dei andre kommunane.

Kompensasjonar:

- Koordinator/leiar: funksjonstillegg kr. 10.000
- Rettleiar: funksjonstillegg kr. 10.000 pr. nyutdanna
- Fri med lønn og reise til regionale og nasjonale samlingar dekkast av heimkommunen til rettleiar
- Arrangement av samlingar, bevertning og materiell kr. 5.000

Utbetaling fordelast pr. måned for at inntekta skal vere pensjonsgjevande.

---

## REKRUTTERING AV RETTLEIARAR

Alle kommunar i Vest-Telemark skal ha mål om å ha rettleiarar både i barnehage og skule. Kvar kommune har ansvar for motivering og rekruttering. Det er tilbod om utdanning i regi av USN og UDIR.

---

## AVTALE OM FAGLEG RETTLEIING

Fylgjande forhold er innlemma i avtala og forpliktar partane gjensidig:

### 1. Ansvar

Den nyutdanna har ansvar for:

- Å bruke tida til rettleiing med formål om fagleg og personleg utvikling
- Å bidra til ei god atmosfære og eit godt læringsmiljø
  - syne respekt, vere open, vere ærleg, vilje til refleksjon over eigne handlingar og haldningar
- Å møte førebudd til rettleiinga

Rettleiar har ansvar for:

- Å legge til rette for rettleiing
- Å stimulere til læringsprosessar hos deltakaren og bidra til ei trygg atmosfære
  - syne respekt, vere open, vere ærleg, vilje til refleksjon over eigne handlingar og haldningar
- Å møte førebudd til rettleiing
- Rettleiar kallar inn til rettleiing

### 2. Omfang per i dag

Kvar deltakar får totalt 8 rettleiingar i løpet av året. 3 rettleiingar i gruppe og 5 individuelle rettleiingar. Kvar økt varar 1.5 t. Det er rom for å erstatte 1-2 individuelle rettleiingar med rettleiing i gruppe dersom veksøkar ynskjer det.

### 3. Innhald

Utgangspunktet for rettleiinga vil vere den einskilde si oppleving av eigen situasjon og oppgåver som skal løysast. Rettleiinga skal stimulere til refleksjon og sjølvutvikling hos den nyutdanna. Gjennom grupperettleiingar kan ein oppleve verdifull kollektiv læring. Rettleiing er ein reiskap i arbeidet med å utvikle barnehage og skule som organisasjon.

### 4. Arbeidsform

Kvar økt med rettleiing skal innehalde:

- Rettleiing, individuelt eller i gruppe
- Oppsummering og tiltak til neste gong
- Ny avtale

Rettleiar kan bruke ulike metodar utan å informere den som vert rettleia om dette. Men rettleiar skal respektere og ivareta behova til den som vert rettleia.

### 5. Teieplikt

Alt som gjeng føre seg i rettleiinga er tufta på gjensidig teieplikt mellom deltakarane. Dette inneber trygghet for at det som er knytt til innhald og prosess ikkje bringas utanfor gjeldande rettleiing. Informasjon og kunnskap om rettleiinga generelt kan fritt omtalast.

### 6. Attendemelding

Det vert ikkje ført systematisk referat frå øktene med rettleiing. Rettleiar tek eigne personlege notater for å kunne ivareta prosessen. Ein oppmodar den som vert rettleia til å føre loggbok som eit hjelpemiddel i eigen læreprosess. Det skal vere to-vegs munnleg oppsummering frå gong til gong.

### 7. Fråvær

Den nyutdanna skal melde ifrå til rettleiar og styrar/rektor om ein ikkje kjem til avtalt tid.

## ÅRSJUL FOR GJENNOMFØRING AV RETTLEIING

Når	Kva	Kven	Innhald
Juni	Påmelding av nyutdanna til leiar for rettleiingsteamet	Styrrar/rektor	Namn, bhg./skule, kommune, telefonnummer og e-post adresse
September	Oppstartsamling	Nyutdanna, rettleiarar, styrrarar/rektorar, FFU, USN	Introduksjon av rettleiing v/USN. Rettleiing i gruppe 3 part samarbeid: - forventningsavklaring, - tid, forutsigbarhet, støtte, plikter - taushetsplikt - lage plan for rettleiinga - underskrive rettleiingskontraktar
Oktober	Individuell rettleiing	Nyutdanna, rettleiar	
November	Individuell rettleiing	Nyutdanna, rettleiar	
Desember	Nettverksamling m/USN	Rettleiarar, FFU	Oppfølging, erfaringsdeling, inspirasjon og ny kunnskap
Januar	Midtvegssamling	Nyutdanna, rettleiarar, USN	Påfyll om rettleiing v/USN Midtvegsevaluering Grupperettleiing
Februar	Individuell rettleiing	Nyutdanna, rettleiar	
	Nasjonale rettleiarkonferanse annakvart år (oddetal)	Rettleiarar	
Mars	Individuell rettleiing	Nyutdanna, rettleiar	
April	Individuell rettleiing	Nyutdanna, rettleiar	
Mai	Evalueringssamling	Nyutdanna, rettleiarar, FFU, USN	Påfyll om rettleiing v/USN Evaluering Grupperettleiing



---

## AVTALE OM RETTLEIING

### Formålet med avtala

Formålet er å beskrive dei gjensidige pliktene hos partane. Pliktene gjeld omfang og innhald av rettleiingsprogrammet i Vest-Telemark.

### Partar

Styrar/rektor, nyutdanna lærar i barnehage/skule og rettleiar.

### Varigheit

Avtala gjeld for barnehage- og skuleåret \_\_\_\_\_

Rettleiingsordninga i Vest-Telemark varar i to år. Det skrivast avtale for eit år om gongen. Innhaldet i rettleiingsprogrammet vil kunne variere noko frå år til år.

- Det er opp til rettleiar, i samarbeid med den nyutdanna og styrar/rektor å avtale møtetidspunkt for rettleiingar. Tidspunkta vert ført i plan for rettleiing
- Møtetidspunkta skal organiserast i arbeidstida for lærarar
- Avtala og plan med møtetidspunkt for rettleiinga skal ein oppbevare på arbeidsplassen i rettleiingsperioden. Avtale og plan skal arkiverast etter siste rettleiing kvart år.
- Partane skal gå gjennom og skrive under avtala og planen
- Partane skal avklare forventningar.

Stad: \_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_ / \_\_\_\_ \_\_\_\_\_

---

Styrar / Rektor

---

Rettleiar

---

Nyutdanna

---

**PLAN FOR RETTLEIING**

ÅR: \_\_\_\_\_

NYUTDANNA: \_\_\_\_\_

RETTLEIAR: \_\_\_\_\_

STYRAR/REKTOR: \_\_\_\_\_

ANTALL	DATO FOR RETTLEIING	TILSTADES
1		
2		
3		
4		
5		
6		
7		
8		

---

## EVALUERINGSSKJEMA

### RETTELEIING FOR NYUTDANNA LÆRARAR I BARNEHAGE OG SKULE I VEST-TELEMARK

Dato: \_\_\_\_\_

1. Kva har vore bra med rettleiinga?

---

---

---

---

---

---

2. På kva måte har rettleiinga vore nyttig for deg?

---

---

---

---

---

---

3. Forslag til forbetring?

---

---

---

---

---

---

4. Andre kommentarar

---

---

---

---

---

---

Evalueringskjemaet nyttast på midtveis- og sluttevalueringa med rettleiingsteamet